

Innlegg på Litteraturhuset «Fem om Fosse». KORLEIS FOSSE SKRIV OM RELIGION OG DØDEN

Takk for invitasjonen til å feire verdas første nobelpris til ein nynorsk forfattar!

Hurra!

Eg har hatt eit nært forhold til Fosses forfattarskap i mange år no.

Eg kjem frå Stord, som ligg mellom Haugesund og Strandebarm, trygt innafor det Fosse sjølv kallar sin heimstad: Vestlandet.

Og eg har frå starten av kjent meg heime i språket og kjent igjen både måten folk oppfører seg på og snakkar saman på (pause)
og i landskapet.

Dessutan har eg som kristen teolog vore opptatt av korleis Fosse gjennom dei siste tretti åra har skrive om mystikk og kristen tru, både i essays og i skjønnlitteraturen.

Eg blei djupt rørt av *Melancholia* då bøkene kom i 1996/97

Eg blei gripen av den solidariske skildringa av Oline sin siste dag i bind to, og uroa av forfattaren Vidme sitt møte med ein prest, sist i bind 1.

Men korleis skriv Fosse om religion og døden?

Det eg håpar kjem fram av det eg vil seie her, er den

uløyselege samanhengen mellom skildringa av konkrete og utsette menneskeliv frå liv til død på den eine sida

og den stadige referansen til mystikken og til den utstrekke bruken av element frå fellekristen arv som bibeltekstar og liturgi på den andre sida.

Eg synst det har eit tydeleg slektskap med det som for meg er det grunnleggande i trua: At Gud ikkje gjer forskjell på folk.

Menneska er skildra med innleving, respekt og kjærleik. Som han sjølv har sagt, er han ikkje ein forfattar, som Ibsen, som vil avsløre folks eigentleg motiv,

han vil heller prøve å setje ord på levd liv ofte i utkanten av det vi ser:

eldre, døydne, folk som fell utafør det gode selskapet.

Det uløyslege sambandet mellom kvardagsskildringar, det kroppslege og mystikken, peikar mot ein mystikk og ei tru som ikkje dreier seg om *ut- av- kroppen-oppleving*, men ei *intens i-verda-* og *i-kroppen-erfaring*.

Septologien viser dette tydeleg.

Mellom alle skildringane av kroppsleg forfall og kvardagsrutinar er dei fast formulerte bønene ein viktig del av rytmen i bøkene.

Dei første, stadig leseverdige essaya om mystikk og litteratur skreiv Fosse i tidsskriftet *BØK* som han redigerte saman med teologen Jan Kjærstad på nittitalet, vi snakkar altså om for tretti år sidan.

Nokon har framstilt Fosses utvikling når det gjeld synet på mystikk og religion som ei utvikling frå gnostisisme til katolsk tru. Men om vi les det han har ytra om dette i alle desse åra,

heilt fram til nobelforedraget torsdag faktisk,

er det tydeleg at det heller er ein *kontinuitet* her. Når det gjeld *det gnostiske*, som altså gav namn til samlinga *Gnostiske essay* frå 1999, har poenget heile tida vore at mystikaren veit noko, har *gnosis* altså.

Men ein gnostisisme som set kropp opp mot sjel, og nedvurderer det kroppslege finst det **ingen** spor av. I eit intervju i Kirke og Kultur frå 2008 (6/2008), «I min største galskap vil eg kunne kalle meg ein slags kristen» seier Fosse tydeleg at det som gjer gnostisisme (kva no enn det er) umogeleg for han, er dualitetstenkinga, og den heilt basale innsikt at form og innhald heng saman i eit kunstverk, og ikkje kan skiljast, slik kropp og sjel ikkje kan skiljast i mennesket.

I denne tida var det ulike former for kristen mystikk han var oppteken av, både i katolsk tradisjon, men vel så viktig kvardagsmystikken hos kvekarane, som morsslekta kjem frå.

For ti år sidan blei Fosse opptatt i den katolske kyrkja. På den måten kom han til å tilhøyre same kyrkjesamfunn som kona. Det betyr altså at halvparten av dei fire norske som har fått nobelprisen i litteratur, er katolikkar. Men som alle veit, Undset og Fosse, begge katolikkar, er svært ulike.

Undset blei kristen i møte med den katolske kyrkja, Fosse var det frå før. Kanskje har dei eigentleg berre ein ting felles: Dei har begge uttalt seg svært kritisk om den lutherske preika. For Fosse er det slik at

«-Men eg synest det er litt vanskeleg å snakke om Gud. Problemet kan vere at når ein snakkar om noko, så forsvinn det. Når ein snakkar om Gud, så forsvinn han. At språket kan vere slik, ofte er slik, det veit alle poetar. Det er kanskje derfor det kan vere så vanskeleg å høyre preiker. Ein sit på vakt mot at det guddommelege som ein har eit skjørt forhold til, skal forsvinne. «(KK 6/2008 s. 453)

Elles er det meste hos dei to forfattarane forskjellig, akkurat som den katolske kyrkja no etter andre vatikankonsilet og med pave Frans framstår som ei heilt anna og mykje opnare kyrkje enn den Undset lojalt slutta seg til.

I heile forfattarskapen har Fosse brukt element frå den kristne tradisjonen. Som bibel-lesar og også -omsetjar, kjenner han god til repetisjonar og gjentak som litterære verkemiddel både i prosa og poesi og

at gudstenestas og liturgiens gjentak av dei same orda og handlingar, gir for truande trygghet.

I eit dikt frå 1997 understrekar poeten at han ikkje er opptatt av å få vite noko nytt:

«Trøytteleik, material, ein song»: (frå siste del.)

.(...) Fortel meg ikkje anna

enn nettopp det eg veit. Men fortel meg, så gjerne, om

all den tryggleik vi alle manglar

sjølv når vi alltid kjenner oss trygge. Det er ein grå dag

og eg går, som så ofte før, med røykfylte

steg inn under himmelens auge. Herre! Forlat

Meg mi synd! Og gjev oss dagleg brød. Amen.

Det viktigaste er tryggleik.

Denne bruken av liturgiske tekstar, i latinsk og norsk form følgjer jo faktisk Asle i *Septologien* heilt til døyande stund, der Ave Maria blir avbrote midt i avslutningsbøna *et in hora / mortis nostrae*. (I vår dødstime).

Asle kjem berre til *et in hora*.. ..

....

Det er mykje å seie om den forma for kristen mystikk Fosse er knytt til: I dag vil eg særleg trekke fram nettopp

at det er ein måte å lære seg å døy på.

Allereie *Flaskesamlaren* frå 1991 har eit dikt av Georg Johannessen som ingress, (eit dikt vi no veit handlar om Johannesens i døde søster,) henta frå samlinga *Ars Moriendi eller de syv dødsmåter*.

Eit essay frå 1995 heiter også «Om å lære å dø». Meditasjonar om kunsten å døy som ein del av det å kunne leve livet fullt ut, er noko som finst i nesten alt det Fosse har skrive, i alle sjangrar.

For liv og død, på same måte som lys og mørker, er ikkje motstandar, men noko krossforma som heng saman og kastar lys over kvarandre, som «lysende mørker». Dette er det mykje å seie om.

Eg vil avslutte med å seie nokre ord om ein brukstekst som allereie har kasta lys over mykje mørke, og som eg tenker er spesielt viktig som ord no, i ei nokså mørk adventstid med alt det som skjer i verda.

Etter at tidsskriftet *Kirke og kultur* i 2008 inviterte norske lyrikarar til å skrive salmar ved høve det ikkje var mykje av i salmeboka, sendte Fosse inn ein tekst han kalla «Nattsalme». Han ville at melodien kunne vere folkeleg og sangbar, og eg spurte Andreas Utne om å tonesette. Fosse likte melodien og nattsalmen er no nr. 834 i den norske salmeboka.

Nattsalme

Det finst ei jord som opnar opp
sitt djup av svarte natt
og løyner både sjel og kropp
til ingenting er att

Det finst ei natt som møter deg
og tek deg mjukt imot
og lèt deg kvila æveleg,
di hand, di sjel, din fot

Det finst frå Gud i alt som er,
i jord og nattevrimmel,
di sjel er hans, du er hans verd,
du lyser fram hans himmel

Fosse har sagt dette om salmen: (KK 6/2008 s. 453)

«Eg likar ikkje å kommentere det eg skriv. Men eg håpar salmen er sann.

Første strofe er gravferda. Strofa seier det kanskje er noko godt i det, noko godt i det skjulte.

Du kjem ikkje vekk derifrå, ifrå det skjulte. Du er der. I det skjulte.

Den andre strofa er ei tolkinga av den første. Så kjem det eit håp i den tredje strofa. Dette håpet er knytt til eit du som kjem frå Gud, det finst noko frå Gud, salmen syng ikkje at det finst ein Gud, men «det finst frå Gud i alt som er».

Nattsalme er ein salme som «opnar opp» i situasjonar der vi ikkje har ord eller der orda blir for små. Amen

Eg vil anbefale også alle andre tonesetjingar av Fosse-dikt som Andreas Utnem her gjort. Eg for min del har dei siste dagane høyrte mykje på Tuva Syversen som syng:

Inst inni meg der eg stille stille lyttar.
inst inni deg der du stille stille ser
der finst ein vind som så stille stille andar
der finst ei sky gamal alltid ny
der finst eit ljøs i deg som alltid lyser
det er din vind og det er di sky
og det er oss og nettopp nettopp alle
det er vår kross
og det er vår vind

